



Inger Myrtvedt
Nipedalen 179
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/979 - 15/6325

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

30.03.2015

Retting av feil i matrikkelkartet GBNR 5/132

Meland kommune har vorte kjent med at nausteigedommen 5/132 er plassert feil i matrikkelkartet. Denne eigedommen ligg i dag registrert saman med fritidseigedommen 5/14. Skyldskiftet for 5/132, datert 9. august 1975 seier at dette er ei nausttomt på 6,2 * 9.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart-/ oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera desse med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.

Dersom partane har ulike påstandar kan kommunen ikkje gjennomføra rettinga, eller grensa kan verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.

Dersom retting av grense ikkje vert gjennomført kan partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Oppmålingsforretning ved kommunen krev at partane kan påvisa grensa/ vert samde om grensa. Dersom partane ikkje vert samde om grensa er grensepåvising ved jordskifteretten den einaste måten å få grensa endeleg avklart på. Slike forretningar må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som «usikker» grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis vera meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Denne rettesaka gjeld:

Nausttomta 5/132 er plassert heilt feil i matrikkelkartet. Denne tomta er frådelt ved skyldskifte 9. august 1975, er 6,2*9m og det er frå gammalt satt opp naust på tomta.

Heimelshavar til nausttomta er Inger Myrtvedt- 2/3 og Avdøde Birger J Myrtveit- 1/3.

Gnr. 5 bnr. 132 er i dag plassert i kartet ved fritidstomta 5/14 som tidlegare var eigd av no avdøde Birger J Myrtveit.

Dette brevet vert sendt til noverande eigar av 5/14, som me har oppfatta er sonen til avdøde tinglyst eigar av 1/3 av gnr.5 bnr. 132. Dersom det er anna kontaktperson for dette bruket, ber me om at me får opplysningar om det snarast råd.

Vedlagt ligg kart som syner plasseringa av 5/ 132 slik eigedommen er registrert i dag og eit kart som syner det me meiner er rett plassering i Søre støa. Skyldskifte for 5/132 ligg også ved.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført i samsvar med det som kjem fram i kartvedlegg dat 30.03.2015, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding på dette innan 3 veker frå de mottar dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motsegn til framlegget, vert det konstruert matrikkelgrenser i samsvar med framlegget. Underretning om endring av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Har de opplysningar om kven som eig dei andre nausta i Søre Støa, så er kommunen takksam for å få inn opplysningar om det. Desse skal også ha varsel om rettinga.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5_14 eksisterande situasjon_500

5_132 framlegg til retting

Skyldskifte 5_132

Mottakere:

Inger Myrtvedt

Nipedalen 179

5164

LAKSEVÅG

Olav Ryland Myrtvedt

Fløksand 91

5918

FREKHAUG

Helene Halland Anfinsen og Frode
Anfinsen